INFORMASJON

# HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL NR. 4 DESEMBER 2022 80. ÅRGANG



*God jul, og godt nytt år!*

DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

**FØRDE KYRKJEKONTOR**
Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf.: 57 82 81 80
www.sunnfjordkyrkja.no
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

**OPNINGSTID:**
Måndag – fredag kl. 09 – 14.30
Prost: Knut Magne Nesse
Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen
Prest: Carsten Langeland
Diakon: Anita Øvreås Rusken
Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad
Kyrkjesekretær: Joy Taylor og Toril Øye
Ass. kyrkjeverje: Trond Herløsund
Kantor: Gro Gunnarson
Kateket: Heidi V. Styve
Kyrkjeverje: Sissel Vartdal
Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og Gry Sætre

**NAUSTDAL KYRKJEKONTOR**
Kommunehuset,
postboks 90, 6806 Naustdal
Tlf.: 57 82 81 80
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

**OPNINGSTID:**
Tysdagar kl 9-15.
Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.
Sokneprest: Rigmor Frøyen
Prest: Fredrik Bråttvik
Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland
Kyrkjesekretær: Sigrun Solheim Savland
Kantor: Erlend Os
Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

**FØRDE KYRKJE**
Kyrkjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:
Terje Sæle og Leonard Subrescu

**HOLSEN KYRKJE**
Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen
Reinhald: Jorunn Holsen

**HAUKEDALEN KYRKJE**
Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

**NAUSTDAL KYRKJE**
Klokkar: Jenny Ødven Snildal
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:
Leonard Subrescu

**VEVRING KYRKJE**
Klokkar/kyrkjetenar: Leonard Subrescu (Førde og Naustdal) og Mette-Elin Standal Sæther

**FØRDE KYRKJETUN**
Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

# Nytt frå redaksjonen

*Kva er tid?* No er det adventstid, og brått går tida så mykje fortare fram mot julehøgtida, tida då vi kanskje ønskjer at tida står stille. I dette nummeret får du møte urmakaren og veteranen, to som på kvar si måte filosoferer over omgrepet tid.

Du kan óg lese om pilegrimsvandring i bladet – ei vandring der ein tek seg tid til å stoppe opp, lytte til ein tekst, be ei bøn. Bli gjerne med dersom det blir ei ny vandring!

Vi slit med å få informasjonen om det som skjer i kyrkjelydane god nok. Mange har etterlyst spalta «Det skjer» i Firda. Det blir vist til informasjon på nettet, men mange er ikkje på nett, eller finn ikkje informasjonen dei treng der. Helg og Heim kjem ut 4 gonger i året, og då får vi ikkje med alt som skjer. Alle planar er ikkje klare, eller tidspunkt blir endra. Såleis kan ikkje bladet fylle dette behovet godt nok, men vi prøver. Gje oss gjerne tilbakemeldingar!

Vi som lagar til bladet Helg og Heim, gjer det på dugnad og bruker såleis ein del av tida vår på dette, fordi vi synest det er kjekt å prøve å lage eit lesverdig blad. Men sjølv om vi jobbar uløna, kostar grafisk utforming, trykking og Posten si utkøyring til alle husstandar mykje. Mange er trufaste med å betale bladpengar, og om du har gløymt det, er det ikkje for seint!

Velsigna advents- og juletid!

**TAKK TIL ALLE** SOM BETALER BLADPENGAR!
Om du har gløymt det, er det ikkje for seint.
TAKK til annonsørane som støtter bladet!
*Helsing bladstyret.*

## HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

**Redaksjon:**
Jenny Snildal, Ingvar Vagstad,
Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:
- hanne.schnitler@enivest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

**Grafisk utforming:**
Firda Tidend, Sandane

**Trykk:**
Printfarm, Øvre Årdal

**Frivillig bladkontingent**
**kr. 290,-**

**Bankkonto:**
**3705.15.33896**
Merk innbetaling med «Helg og Heim».

**VIPPS:**
Vippsnr. **591 431**
«Helg og Heim kyrkjelydsblad»

## Utgjevingsplan 2023

(Det kan komme endringar.)

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Nr. 1.** Stoffrist: | **Nr. 2.** Stoffrist: | **Nr. 3.** Stoffrist: | **Nr. 4.** Stoffrist: |
| Onsdag 8. februar. | Onsdag 3. mai. | Onsdag 9. august. | Onsdag 25. oktober. |
| I posten veke 11 | I posten veke 23 | I posten veke 37 | I posten veke 48 |

**Framsidebilde:** I adventstida kan vi gle oss over mange fine konsertar i kyrkjene våre. Her held koret Kvitre julekonsert i Naustdal kyrkje i desember 2021. Fotograf: Olav Reiakvam.

# Kyrkjeleg organisering

**I september vart Kyrkjemøtet 2022 gjennomført i Trondheim. Av sakene det var knytt mest merksemd til, var saka om kyrkjeleg organisering. Får denne saka konsekvensar for kyrkja lokalt her i Sunnfjord?**

Tekst: SISSEL VARTDAL, kyrkjeverje i Sunnfjord.
Foto: JOY TAYLOR

Saka handlar først og fremst om korleis vi kan vere arbeidsgjevar på ein betre og meir effektiv måte. Den lokale kyrkja skal ikkje endrast.

Kyrkjemøtet gjekk allereie i 2005 inn for at tilsette skulle ha felles arbeidsgjevar i ei framtidig kyrkjeordning. Likevel landa årets Kyrkjemøte på ei vidareføring av to arbeidsgjevarar. Det nye er at ein skal samle og samordne den lokale leiinga.

Den norske kyrkja som organisasjon er utvikla skrittvis over lang tid. Viktige milepålar i den historiske utviklinga var lovfesting av Kyrkjemøtet som kyrkja sitt øvste representative organ i 1984, lokalkyrkja si sjølvstende i den nye kyrkjelova frå 1996 og heile kyrkja si sjølvstende frå staten i 2017. Med ny trussamfunnslov i 2021 er kyrkja «herre i eige hus», med mynde til å vedta si eiga organisering.

Lokalkyrkja er der kyrkja lever, og er til. Utgangspunktet for all kyrkjeleg omorganisering er difor å styrke kyrkja lokalt. Samling av arbeidsgjevaransvaret var i utgangspunktet skissert i to ulike modellar; anten alle tilsett lokalt, eller alle tilsett i det som er kalla rettssubjektet Den norske kyrkja. Dersom alle tilsette skulle samlast hjå ein lokal arbeidsgjevar, ville det bety at prestar, som i dag er tilsett av bispedømet, skulle ha sin arbeidsgjevar lokalt med kyrkjeleg fellesråd som den utøvande arbeidsgjevaren. I den andre modellen skulle alle tilsette samlast hjå rettssubjektet Den norske kyrkja, som ville bety at dagens fellesrådstilsette skulle hatt bispedømet som arbeidsgjevar. Kort oppsummert – valet mellom ein lokal eller sentral arbeidsgjevar.

Ingen av desse modellane vart vedtekne. Kyrkjemøtet landa i staden på eit kompromissmodell. Når avstanden er for stor mellom to



*Kyrkjeverje i Sunnfjord, Sissel Vartdal.*

utgangspunkt, eller det på anna vis er umogleg å einast, er kompromiss eit velkjent politisk verkemiddel.

Den vedtekne modellen inneber ei samla og samordna utøving av arbeidsgjevarfunksjonar, men der rettssubjektet Den norske kyrkja framleis er arbeidsgjevar for prestane, og sokna, ved fellesrådet, framleis er arbeidsgjevar for tilsette som arbeider lokalt. Modellen er ifølgje Kyrkjemøtet den som har minst gjennomføringsrisiko, som tek i vare lokal forankring, sikrar relasjon til kommunen og samanheng i kyrkjeorganisasjonen. Den konkrete utforminga av leiing i kyrkja skal greiast ut nærare og sendast på høyring før ny handsaming i Kyrkjemøtet, men det er allereie vedteke å etablere felles personalreglement og felles system for konflikthandtering og HMS. Dette er viktige byggesteinar i ein samordna arbeidsgjevarfunksjon.

Nokre tenkjer kanskje at årelange utgreiingar og høyringar hadde lite for seg når Kyrkjemøtet likevel landa på eit kompromiss, der dei reelle endringane ikkje er så lette å få auge på. Eg ser det ikkje slik. Kyrkjemøtet har kome fram til eit vedtak som gjer at kyrkja kjem vidare i arbeidet med framtidig organisering. Mange enkeltdelar i Kyrkjemøtet sitt vedtak krev vidare utgreiing, nye høyringar og nye vedtak i Kyrkjemøtet. Denne skrittvise utviklinga er velprøvd, det er nettopp slik kyrkja sin organisasjon har endra seg over mange år. Framover vil dei to arbeidsgjevarane, representert lokalt her i Sunnfjord ved prosten og kyrkjeverja, samarbeide tett og godt for å finne dei beste løysingane for ei samla og samordna leiing av tilsette lokalt.





**Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg? No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde.**

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Sogn og Fjordane om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på fosterheim.no

# Biskop Halvor på avskjedsturné



*Biskop Halvor sin siste preike i Førde kyrkje.*

Biskop Halvor Nordhaug går av med pensjon. No er han på avskjedsturné rundt i bispedømet.

Tekst: HANNE SCHNITLER. Foto: JENS MEYER

I 2009 vart Halvor Nordhaug innsett som biskop i Bjørgvin bispedøme. I løpet av desse åra har han vore på mange besøk i Sunnfjord.

Ein oktoberkveld var tilsette og frivillige i heile Sunnfjord invitert til kveldsgudsteneste, kyrkjekaffi og foredrag på Kyrkjetunet i Førde, for å ta avskjed med biskopen. I kyrkja minna han på Jesu likning om dei to brørne, der den eine skusla bort farsarven, men blei tatt imot av faren med nåde og tilgjeving. Den andre broren meinte det var urettvist. Biskop Halvor sa at hans misjon har vore å peike på Guds uendelege nåde som i vår tankegang kan synest urettvis.

Under kyrkjekaffien fortalde biskopen, som kjem frå Østfold, om sitt møte med Vestlandet og vestlendingane. Ville han, som austlending, forstå folket og språket? Det første han fekk var eit «skjønnhetssjokk» når han reiste rundt i bispedømmet. Etter kvart blei han kjent med det vestlandske lynnet, og demonstrerte ganglaget: Vestlendingen går framoverbøygd på spranget til å etablere eit oppdrettsanlegg eller byggje eit kyrkjelydshus. Austlendingen går tilbakelent og




*Biskopen møtte dei tilsette.*

ventar på statstilskot. Vestlendingen er glad i kyrkja, meiner biskopen, – sjølv om han ikkje alltid finn vegen dit.

Biskop Halvor minner oss på å vere stolte av trua, stolte av kyrkja, og halde fram det gode kyrkja har stått for, utan å fornekte det kyrkja har gjort gale. I 2024 skal vi feire at det er 1000 år siden Olav Haraldson innførte Kristenretten i Norge. Det er verdt ei markering, meiner han.

**Samarbeid med kyrkja på Cuba**

Som avskjedsgåve frå fellesråda fekk biskopen ei pengegåve som skal gå til eit prosjekt han har vore svært opptatt av: Støtte til den Lutherske kyrkja på Cuba. Cuba er fattig, inflasjonen er skyhøg, og det er mangel på m.a. mat og medisinar.

No har Bjørgvin Bispedømme i samarbeid med Normisjon inngått ei venskapsavtale med denne kyrkja. I desember skal ein heil containar bli fylt med medisinar, hygieneartiklar, brukte kle, syklar og symaskiner, og skipast til Cuba.

Du kan lese meir om dette prosjektet på nettsida til Bjørgvin Bispedømme.

Om du vil vere med og gje ei gåve til kyrkja på Cuba, kan du nytte kontonummer 1503.02.13537 (Normisjon), eller Vipps 96005. Merk gåva «Prosjektnummer 351002»

**Ny biskop**

Prosessen med å velje ny biskop er godt i gang. Fristen for å sende inn framlegg til kandidatar var 1. september, og bispedømmerådet fekk inn 96 namn. Etter planen skal namna på dei tre kandidatane med flest stemmer gjerast kjent 6. januar, og Kyrkjerådet tilset ny biskop 10. februar 2023.



*På samlinga for frivillige vart det tid til samtale rundt borda.*

## TIL ETTERTANKE

av HALVOR NORDHAUG, biskop i Bjørgvin Foto: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR.

# *Sei noko om Jesus!*

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.



*Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutseleg ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var:*

*– Du må komme!*

*Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram:*

*– Du må seia noko!*

*Tunström svarte:*

*– Kva skal eg seia?*

*Vennen sa:*

*– Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.*

*Då datt det ut av Tunström:*

*– Skal eg seia noko om Jesus?*

*– Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta.*

*Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.*

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar». Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «Hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus.

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!



# Kva er tid?

På Bibelens første blad innfører Gud *tida*. Tidsrekninga skapar orden i tilværet vårt: *Då sa Gud: «Det skal bli lys!» Og det vart lys. Gud såg at lyset var godt, og Gud skilde lyset frå mørkret. Gud kalla lyset dag, og mørkret kalla han natt. Og det vart kveld, og det vart morgon, første dagen.*

Tekst og bilde: ANNBJØRG E. HESSELBERG

**Urmakarsonen**
Roger Pettersen er andre generasjon urmakar. Far var utdanna i Bergen, men kom til Førde og hadde forretning her (Ur og optikk); den flytta i takt med utviklinga av sentrum. Han hadde verkstad i sentrum og heime i Presteholten. Sonen har gått i lære hos far, fekk så urmakarutdanning i Oslo, og har no lang praksis. I dag er det han som har verkstaden heime og tek seg av store og små gamle klokker. Den eldste han har arbeidd med var frå 1700-talet.

**Interessa for mekanikk**
har han også spesialisert mot båtmotorar, der sesongen går frå påske til september. Då må han gjerne vere klar til å rykke ut på kort varsel.

**Ting tek tid**
Urmakaryrket kan han ta litt meir over langs, trass i at det absolutt handlar om





*Eit av dei finaste urverka i verkstaden høyrer til i eit golvur.*

tid. Det er ofte tidkrevande prosessar, med rens og utskifting eller oppretting av små deler som får slitasje ettersom tida går og klokka trufast tikkar. Kunnskapen om ulike metall og deira eigenskapar er ein viktig del av yrket. Fjøra i vegguret er t.d. av stål, som først er herda, og så gjort «seigt» for ikkje å knekke. Mykje av drivverket i klokker er ellers messing. Somme tider må han lage den delen som manglar. Det krev både spesialmaskiner, god finmotorikk og god lupe.

Klokke må vi alle ha, men det vart ein markert nedgang i tradisjonelt klokkesalg då alle fekk seg mobiltelefon. Grunnlaget for å drive rein urmakarforretning fall bort. – Men det gamle handverket er framleis aktuelt, for mange har eit gammalt klenodium, ei golvklokke, eit veggur eller lommeuret etter oldefar, som dei vil ta vare på. Roger får det meste til å gå igjen.

***– Kva er tid?** spør vi Roger.*
– Eg vil kalle det eksistens, å vere til. Ein gong tek det slutt, og vi går ut av tida.

Då han som 20-åring opplevde at mor hans ikkje var meir, kjendes det som ei eksistensiell krise. Det som alltid var det faste ankerfestet i livet, var brått borte. Opplevinga av dette tapet meiner han har prega livet hans – og opplevinga av tid. Han er redd for å miste dei som står han nær. Tida er tilmålt, ein dag er det for seint. Han har ei tru på at det fins noko etter døden - noko som er vanskeleg å definere.

Det fell naturleg og lett å reflektere rundt dette med Roger. Han seier at det gudsbildet han sit att med frå skuletida kanskje er litt prega av dei mennskelege forestillingane av ein opphøgd mannsperson. Det er lettare å finne tilknytning til Jesus-personen, han som folk oppsøkte for å få hjelp, han som synte omsorg for dei rundt seg, som handla i kjærleik. Ein konsekvens av dette er at det bør vere plass for alle i kyrkja, meiner Roger.

– Vi treng kyrkja i sorg og glede, at det fins gode rammer og ord når livet eller døden krev det.



*Dei små delene har fått seg eit reinsande bad.*



# Veteranen si tidsoppleving

**Ei samtale med Gunnar Hage, aktiv pensjonist og frivillig medarbeidar.**

Vi møter ein mann som gjennom livet har teke til seg mykje visdom frå litteraturen, så vi kjem nok ikkje unna nokre sitat. Mange har til dømes prøvd å finne uttrykk for kva ***tid*** er, seier Gunnar:

*– Om hundre år er allting glemt – Tida er den beste læraren, men dessverre drep den alle sine studentar – Tida er alltid ny, derfor er ho tidlaus – Tida går ikkje, den kjem – Tida lækjer alle sår – Tida er det som vert målt med klokke.*

Tekst og bilde: ANNBJØRG E. HESSELBERG

*– Det var mange visdomsord! Kan du plassere di tid inn i nokre av desse uttrykka?*

– Nokre av dei kunne nok høve, men eg synes faktisk Facebook(!) har eit meiningsfullt uttrykk: Tidslinje. Og mi er slik, i korte trekk:

**Hestadgrend:** Der starta mi tidslinje. Eg fekk eit fullt timeglas, eit liv av ukjend lengde låg framfor meg. Det var ei lita jordbruksgrend, det var fådelt skule - og livet følgde årstidene. Tidsmarkørane var 17.mai, jonsokbål og julefestar. Ein ekstra tidsmarkør fekk vi under krigen, når rasjoneringskorta vart utdelte til faste tider.

**Firda:** Eit markert tidsskifte for min del var det å reise heimanfrå, å «komme ut i verda!» – heilt til Sandane og Firda gymnas. Nytt stort skulemiljø, idrettsmiljø (og kino, som vi berre hadde høyrt snakk om heime i grenda)- i ei stor bygd.

**Fana:** Som tida gjekk, kom det nye viktige punkt på tidslinja: yrkesutdanning, ektefelle og familie, den første lærarjobben for henne og meg. Fana folkehøgskule, grunnlagt på dei grundtvigianske ideala, forma den unge læraren: «Hvad solskin er for den sorte muld, er sand oplysning for muldens frende».

**Naustdal:** I Naustdal fekk vi heimen vår, borna vaks opp, vi vart eldre, eg vart åleine. Tidslinja vart fyllt ut med mykje innhald. Her var det ny ungdomsskule, og rom for å satse i idrettsmiljø og organisasjons- og kyrkjeliv. Det var ei meiningsfull og rik tid, med glede over gode idrettsresultat og konkrete bevis på innsats, som t.d. kyrkjelydshuset. «På det jevne, på det jevne, ikke i det himmelblå. Der har livet satt deg stevne, der skal du din prøve stå», siterer Gunnar.

*– Er opplevinga av tid den same gjennom heile livet?*

– For barnet er det alltid altfor lenge til jul, for oss eldre er tidsperspektivet eit anna, fordi vi veit at vi har den kortaste etappen framfor oss. For dei som kjenner seg isolerte og åleine, veit eg tida kan kjennast lang – men har vi helse og krefter til å vere aktive, opplever vi framleis at tida går fort. Eg finn glede i musikken, når eg tek fram fela eller munnspelet heime, og når eg kan spele og synge saman med andre og vere til glede, t.d. på Omsorgssenteret. Eg har inga tidsklemme no, som oftast treng eg ikkje gå etter klokka. Det er godt, for no kan enkle gjeremål kreve meir tid enn før.

*– Om du ikkje går så mykje etter klokka, er det noko anna som kan «ordne» tida?*

Då vil eg nemne det som som vi kan kalle rutinar, ritual, mønster - både i det daglege og i meir høgtideleg tyding. I ei barnebok for vaksne, Den lille prinsen (Antoine de Saint-Exuperi), fins ei vakker forteljing om verdien av å ha noko fast å sjå fram. Ein einsam liten prins vart ven med ein rev, og dei møttes regelmessig – eit bilete både på kva det betyr å ha kontakt med andre og verdien av faste møtepunkt. Det gav livet framdrift og meining.

– For nokre av oss er kyrkjegang eit slikt godt møtepunkt. Der får eg også eit godt mønster å falle inn i: Eg fell så godt til ro i kyrkja sin liturgi, med dei faste ledda. Fordi eg veit kva som kjem, vert eg meir til stades og mottakeleg for innhaldet.

– Ja, eg vil rett og slett anbefale gudstenesta, seier Gunnar Hage.

# Pilegrim for alle

Blir vi «litt katolske» no, eller kan også ein protestant vandre pilegrim? Kva meinte eigentleg Luther om dette? Og kvifor vandrar stadig fleire av oss pilegrimsleier i både inn- og utland?

Tekst: INGER HELENE NORDEIDE



*På pilegrimsvandring i regn og tåke. Foto: Hanne Schnitler*

I september arrangerte gudstenesteutvalet i Førde pilegrimsvandring for alle, frå Vie til Førde kyrkje. I omgrepet «alle» var tanken at det skulle vere mogeleg å delta sjølv om ein hadde bruk for tilrettelegging. Den 5 km lange ruta vart difor testa ut på førehand, mellom anna sykla Magne Midtbø heile ruta for å sjekke at det var godt framkomeleg på hjul. Førde omsorgssenter fekk invitasjon til å melde på deltakarar, og Førde Rotary-klubb vart inviterte til å vere med som medhjelparar. Ein kunne gå heile ruta eller delar av ruta, alt etter form og disponibel tid.

To vandrarar melde seg på frå Førde Omsorgssenter, til stor glede for alle.

**Luther**
Det er ikkje heilt rett, slik mange kan ha tenkt, at Luther ved reformasjonen ville avvikle pilegrimsvandring. Han ville avskaffe pavekyrkja sin bruk av å pålegge menneske å legge ut på lange farefulle ferder til heilage mål for å få tilgjeving for synder eller gjere bot for vanskar i livet. Det kan vi takke Luther for! Vidare skal Luther ha sagt: Gå først og fremst til di eiga soknekyrkje!

**Frå Vie til Førde kyrkje**
Det var nettopp det vi gjorde den 15. september. Dei 22 frammøtte samla seg på Vie og fekk orientering av grunneigar Asbjørn Vie om det gamle kapellet som ein gong i mellomalderen stod på det som i dag er garden hans. Dette vart utgangspunktet for vandringa mot Førde kyrkje. To av dei 7 distansane vandra vi utan å snakke, dei fem andre hadde eit tema som vandraren vart invitert til å tenke på og snakke med ein medvandrar om. Bjørg Kirkeli bidrog med å leie tanken vår inn på tema.

Med oss på vegen hadde vi dei 7 pilegrimsnøklane av Hans-Erik Lindström (sjå rammesak til høgre).

**Kvifor pilegrim?**
Pilegrimsmotivet er i vinden, stadig fleire får auga opp for



*Her på Vie sto det ei stavkyrkje i mellomalderen, fortel grunneigar Asbjørn Vie. Foto: Hanne Schnitler*



*«Fridom» var temaet for refleksjon, song og forbøn for Ukraina. Foto: Hanne Schnitler*




*Det hjelper ikkje å uroe seg, minner Inger Helene Nordeide oss om framfor statuen av  Oddvar Torsheim. Foto: Gro Gunnarson*

kva det gir å vandre, kort eller langt, i pilegrimssamanheng. Bjørgvin bispedøme har eit eige utval for pilegrim, som skal legge til rette for at vandrings-stigar blir etablerte og blir tatt i bruk. Ute på kysten kryssar Kystpilegrimsleia fylket vårt. Men også her inne i fjordane kan vi vandre pilegrim og lage vårt eige pilegrimsmål. Ved å vandre medan ein reflekterer, samtaler, ber eller syng ein salme, høgt eller stille, kjem vi bort frå støyen som ofte kan stå i vegen for desse verdiane. Det kan gi næring til truslivet, og vi kjenner at det å bli trøytt i kroppen også gir kroppen god kvile. Det handlar om å opne trua sitt rom.

**Fleire aktørar**

Pilegrimsarbeid handlar om tru, men og om næring og kultur. Pilegrimen som vandrar over fleire dagar, må ha ein stad å overnatte og ein stad å få mat. Så treng pilegrimen opne kyrkjer der dei kan få kome inn, både for å finne ly og for å kome i kontakt med det helage. Pilegrims-arbeid handlar difor om mange oppgåver, og det krev eit utstrekt samarbeid for å gi eit heilskapleg tilbod. I vårt eige bispedøme har vi to nasjonale pilegrimsmål; Selja og Røldal. Det er 11 nøkkelstader som alle er sentrale mål langs Kystpilegrimsleia mellom Egersund og Nidaros. (sjå Kystpilegrim.no)

**Å bli tatt imot**

Ein viktig del av pilegrimsvandring er at nokon tar imot deg når du kjem fram. Kyrkja var målet for vandringa vår, den var lun og varm å kome inn i. Kveldsmaten stod klar, stolar var sett fram og lysa var tente. Ei enkel kveldsbøn vart forretta av sokneprest Ingvald. Ein kunne avslutte dagen, trøytt i kroppen og med næring både i kroppen og i sjela.

Ingvald utfordra oss på å tenne eit lys i globen, denne gongen for oss sjølve. Tenk på ditt eige liv, dine eigne behov, det du strevar med, sørgjer over eller er takksam for.

## Dei 7 pilegrims-nøklane
– med refleksjonar brukt under vandringa

## VI LENGTAR ETTER:

**– å leve langsamt**

Vi har god tid, vi treng ikkje gå fort. Lat oss vandre sakte og vere stille.

**– å vere fri**

Vi lever i fridom i Norge medan det er krig i Europa. «Herre, gje redde menneske vern og tryggleik.»

**– å vere stille**

Det er så mykje lyd og støy rundt oss. Kva kjem opp i deg når det blir stille rundt deg?

**– å leve enkelt**

Kva har vi eigentleg bruk for? På pilegrimsvandring kan du berre ha med deg det du kan bere. «Kven av dykk kan med all si uro leggja ei einaste alen til livslengda si?»

**– å  dele fellesskap**

«Eg vil dele med deg, kjære medvandar. Eg vil dele av maten min, av erfaringa mi, av sorgene og gledene mine. Og eg treng at du deler med meg! Fyll kaffikoppen min, gi meg av tida di og del ei bekymring med meg, om du treng det. For eg treng at du treng meg. Eg vil lytte og vandre ein distanse av livet saman med deg.»

**– å vere fri for bekymring**

Gud går foran oss i livet. Han er der når eg kjem rundt neste sving. Oddvar Torsheim har ein gong sagt: Om du er uroleg for at alle ting forandrar seg, så kan du vere sikker på dette: «Eg vil alltid ha det raude skjerfet om halsen og den svarte veska mi på skuldra.»

**– å leve åndeleg**

Pilegrimen vandrar mot eit heilagt mål. Korset kan stå som ei overskrift over livet; ein grunnvoll og eit anker-feste. Korset er symbolet som kristne pilegrimar identifiserer seg med.

# Ull og omtanke

## Kven av oss har ikkje høyrt om eit interessant prosjekt og fått lyst til å gjere noko liknande – men så blir det med tanken?

Tekst og bilde: HANNE SCHNITLER



*Kari Skullerud Holsen trivst med eit strikketøy i hendene.*

Kari Skullerud Holsen let det ikkje bli med tanken. Ho hadde lese ein artikkel om eit spesielt strikkeprosjekt. Det starta med ei kvinne som strikka eit teppe til ei venninne som hadde fått kreft. Dette blei starten på ei omfattande rørsle der mange strikker lappar som så blir sydd saman til varmande teppe. Vener eller familie kan tinge eit teppe som dei kan gje til personar som har fått kreft. Rørsla har fått namnet «Ull&omtanke», og det er no fleire lokale grupper rundt i landet.

Kari tok kontakt med ei av strikkegruppene for å få tilsendt eit teppe ho kunne gje vidare.

– Det skulle vært ei slik gruppe i Sunnfjord óg, tenkte Kari. Som fersk pensjonist hadde ho tid, og dermed gjekk ho i gang med å etablere ei lokal gruppe. Ho fekk laga eigen facebookside, «Ull&omtanke Sunnfjord», og informasjonsskriv på nynorsk. Kvart teppe skal vere nummerert og ha påsydd logo, og ho har fått tak i stoff og stempel. Det skal óg følgje ei helsing med kvart teppe der det står kven som er gjevar.

– No er fleire med og strikkar, fortel Kari. Men vi manglar nokon som kan montere teppene. Kanskje er det nokon som les dette som likar å sy? Då er det berre å melde seg.

*– Om eg vil vere med, må eg forplikte meg til å strikke mykje?*

– Nei, det må du ikkje. Men du må følgje oppskrifta slik at alle lappane blir like store. Helst bør ein nytte garn av rein ull, og garnet må vere einsfarga. Det ligg jo og ein gjenbrukstankegang bak dette. Ein får gjort nytte av smårestar som mange har liggjande heime. Det er difor lappane er så små.

Det skal heller ikkje koste noko å vere med, og det kostar ikkje noko å gje vekk eit teppe. I Førde kan ein levere lappar på Sybutikken Sting for Sting og i kassa i 2. etg på Coop Mega. Så vil dei bli henta der og bli brukt til å lage tepper.

*– Dette må seiast å vere eit diakonalt prosjekt?*

– Ja, og det i tredobbel forstand. Dette er så enkelt å vere



150 fargerike lappar skal bli til eit varmande teppe.



På strikketreff på Førde kyrkjetun blei det vist korleis ein syr saman lappar til teppe.

med på, og likevel kjenne at ein kan bidra med å gjere ein forskjell for andre. Pårørande eller vener til ein kreftramma kan få vise at dei bryr seg ved å tinge og gje vekk eit teppe. Og mottakaren får omtanke i form at eit varmande teppe, som mange har laga i lag.

Kari finn fram fleire kassar med ferdigstrikka lapper. Ho legg nokre av dei utover golvet. Ulike blåtonar, mørk lilla, skarp fiolett og lys grå. – Dei skal syast saman til like lange lengder, så skal lengdene syast saman. Eg har fått hjelp av Audgunn Naustdal Holsen, som er tekstilkunstnar, til å setje saman fargar slik at sluttresultatet blir så fint som mogleg.

Kari har vendt seg til Diakoni- og miljøutvalet i Førde kyrkjelyd for å kunne ha nokon i ryggen i oppstartsfasen.




Logoen skal følgje kvart teppe.

## SLIK STRIKKAR DU EIN LAPP:

1. Bruk 100% (min. 80%) ullgarn som passar til pinner nr. 4 eller 5.
2. Om garnet er tynt kan du bruke dobbelt garn.
3. Legg opp 9 masker. Strikk rettsstrikk fram og tilbake.
4. Ikkje ta av fyrste maska, men strikk alle.
5. Sjå til at lappen blir om lag 5-6 cm brei.
6. Strikk til lappen er 21 cm. Lang. Fell av og fest trådane.

Tanken var å få til nokre samlingar på Førde kyrkjetun, og første strikketreff var måndag 24. oktober.

Om det er interesse for det, blir det strikketreff annankvar måndag kl. 11- 14 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. Det er kjekt at fleire kjem saman for å få informasjon om prosjektet, og for å strikke og pratast. Ein kan halde fram med dette prosjektet, eller la kreativiteten utfalde seg på andre måtar.

Vil du vere med? Du kan gå inn på facebookgruppa «Ull&omtanke Sunnfjord», eller kontakte Kari Skullerud Holsen på tlf. 976 23 905.

MALER RUNE
SKILBREI
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER
Følg oss!
fb.me/malerskilbrei
skilbreibutikken
Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**

BELLIS
BLOMSTER
Tlf. 57 82 07 22 | **www.bellisblomst.no**
ALTI, Førde

# Songkveld med salmodikon

Tysdag 20. september var det songkveld i Naustdal kyrkjelydshus med aktørar frå Jølster.

Tekst: EINAR EIMHJELLEN

Temaet for kvelden var ein skulekvardag i gamle dagar med songane som vart brukte frå start til avslutning på ein skuledag.

Aktørane som deltok var Cathrin Hjelle Søvde, song, Rakel og Jan-Roger Myklebust på blokkfløyte og Gunnar Smaadal og Magnus Hope som fortalde om og spela på Salmodikon.

Rune Molvik stod for programleiing og spela piano.

**Salmodikonprosjektet**
Magnus Hope fortalde om opphavet til Salmodikon og om prosjektet han og Gunnar Smaadal har starta opp. Det var slik at dei som gjekk lærarskulen før i tida måtte gå opp til eksamen i song eller spele eit instrument. For mange som kom ut som lærarar vart løysinga å spele på instrumentet som blei kalla Salmodikon. Gunnar Smaadal fortalde om sjølve instrumentet som er ein avlang kasse med berre ein streng. Gripebrettet er oppdelt med tverrband som på ein gitar, og det kan strykast på med ein feleboge eller klunkast på. Kvart tverrband er merka med namnet på notane i skalaen c-d-e-f-g osv.

Den gongen var det mest salmesong som blei brukt i skulen, og namnet på instrumentet kjem frå ordet salme.

Då dei to kom over eit gammalt Salmodikon, fann dei ut at dei skulle prøve å gjenskape det gamle instrumentet. Det blei gjort, og i etterkant har dei fått spørsmål frå fleire som ønskjer seg instrumentet, slik at det har blitt mange etter kvart.

Til slutt demonstrerte dei bruken av instrumentet og spela Fager kveldsol smilar, tostemt.

Salen i kyrkjelydshuset var mest fullsett og det blei ein hyggelig og interesant songkveld.



*Rune Molvik på piano og Cathrin Hjelle Søvde song. Foto: Einar Eimhjellen*



*Gunnar Smaadal og Magnus Hope med kvart sitt Salmodikon. Foto: Helge Naustdal*



*Far og dotter Jan-Roger og Rakel Myklebust, spelar fløyte. Foto: Einar Eimhjellen*



*Gunnar Smaadal fortalte om det ukjente instrumentet Salmodikon, og om prosjektet med å bygge nye instrument.*

# Har vi nok egg?

Har vi nok egg? Er det tinga nok kaker? Har vi nok folk til å jobbe? Er det sett fram nok bord og stolar?

Tekst og bilde: JENNY Ø. SNILDAL

Spørsmåla svirrar i lufta då ein gjeng engasjerte damer var på kyrkjelydshuset i Naustdal for å førebu basar. Gevinstar skulle stillast ut, mat skulle planleggast og bord og stolar setjast utover og det skulle pyntast.

Basaren på kyrkjelydshuset har lang tradisjon og er ei viktig inntektskjelde for Naustdal kyrkjelydshus. Mange i bygda set stor pris på huset, og det brukar å kome inn mange flotte gevinstar. Så også i år, mange fine gevinstar, mykje av det fint handarbeid, var gitt til basaren.

På basardagen varte det ikkje lenge før det var fullt i lokalet. Folk koste seg med gode smørbrød, kaker og kaffi. Litt fleire stolar måtte til, men mat var det nok av. Dei frammøtte var flinke til å ta lodd, både på åresal og på hovudlotteriet.

Og resultatet? Det vart om lag 50 000,- til saman. Og det kjem godt med. Styreleiar Einar Skudal informerte om at kyrkjelydshuset må investere i nye varmepumper.



*Engasjert dugnadsgjeng f.v. Toril Midtbø, Grete Vinsrygg, Martha Søbak, Greta Dale og Salmøy Runde.*

Stor takk til alle som bidrog med gevinstar, kaker, tok lodd og elles hjelpte til praktiske oppgåver.

# 50 års konfirmantar Naustdal



*50-års konfirmantar i Naustdal. Frå venstre: Anne Indrebø Refvik, Solbjørg Hildur Nordheim, sokneprest Rigmor Frøyen, Reidun Elin Hellevang, Magni Horstad Holsen, Aud Inghild Bruflot Østerbø. Rad 2: Oddfrid Helle Langbach, Britt Marit Slettemark, Åse Kari Einevoll, Arild Norodd Herstad, Elin Kristi Eimhjellen. Rad 3: Knut Arne Hjelle, Magnar Tefre, Olav Petter Naustdal, Jan Normann Erdal, Ståle Stubhaug, Terje Rygg, Arvid Åsebø. Foto Arne Kleiva.*

**Warvik kvitevareservice**

Førde

Telefon: 900 39 050

**Jobbe med gjenbruk?**

**NMS Gjenbruk i Førde** har i 16 år jobba med gjenbruk av møblar, servise, kjøkenutstyr, sportsutstyr, dukar, pynteting og mykje meir.

Vi treng stadig nye folk etter kvart som dei tilsette blir eldre.

Er dette noko du kunne tenke deg? Arbeidsoppgåvene er mange, og du treng ikkje binde deg til faste dagar, dersom dette ikkje høver. Butikken er open kl. 11-15 kvar dag og til kl. 17 på torsdagar.

NMS GJENBRUK

Kontakt Hjørdis Birkeland, tlf. **416 99 177** eller Kjell Skaaheim, tlf. **958 01 393** for meir informasjon.

STØRST AV ALT

# Trusopplæring

For oppdatert informasjon:
Sjå heimesida https://kirken.no/sunnfjord eller last ned appen MinMenighetsportal.

## Trusopplæring i Naustdal :



### Spiren

– **Babysong på Naustdal kyrkjelydshus.** Eit tilbod for born i alderen 0 –1 år saman med foreldre.

Song, musikk og rytmer for dei minste. Vi ynskjer at Spiren skal være ein god og trygg stad å vere for store og små. Vi har matter som borna kan ligge på, men ta gjerne med eige teppe.

**Kl. 11.15 til 12.45. Program frå 11.30 – ca. kl. 12.00. OBS Nytt klokkeslett** Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi/frukt.

**Dato hausten 2022: Onsdag 30. november.** Datoar etter jul er ikkje bestemt enno.

### Lys Vaken

**Laurdag 3. desember frå kl. 17.00 – 22.00** vert 11-åringane invitert til samling i kyrkja. Vi skal vere lys vakne for Gud, for kvarandre og for oss sjølv. Invitasjon kjem i posten.

### Tårnagent

**Laurdag 21. og søndag 22. januar** får 8-åringane lov å utforske kyrkja. Kva gøymer seg under kyrkjegolvet, og kva finnast oppe i tårnet? Invitasjon kjem i posten.

### Naustdal barnekor

Øving **kvar onsdag**. Det vert to grupper: 1. og 2. klasse øving frå **kl. 14.00 – 14.30.** 3. og 4. klasse øving frå **kl. 13.15 – 13.45.** Dirigent er Erlend Os.

## Trusopplæring i Førde sokn:

### 0–1 år: Spiren/Babysong

**Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun.** Spiren er for barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi.

### 1–3 år: Krøllesamling

Song og formidling frå **kl. 17.15 til 17.45** på Førde Kyrkjetun.

- **Onsdag 1. februar**
- **Onsdag 8. februar**
- **Onsdag 15. februar**

Avslutning på Krøllesamlingane i Førde kyrkje **søndag 5. mars kl. 13.00** med utdeling av bok.

### 4 år:

**Søndag 5. mars kl. 13.00 Barnegudsteneste** med utdeling av bok. Etter gudstenesta vert det samling for barna som har fått bok. Barna som fyller 4 år på vår-halvåret får skriftleg invitasjon i posten. Påmelding på www.minkirkeside.no/Sunnfjord.

### 8 år: Tårnagent

**Laurdag 18. mars** er det Tårnagentsamling for 8-åringar i Førde kyrkje frå **kl. 11.00 – 14.30.**




### 10 – 12 år: Ope hus

**Førde Kyrkjetun, ungdomslokalet i 1.etg. fredagar frå kl. 18:00 – 19:30.**

Vi har leikar, formidling, spel, kiosk med sal av blant anna pølse med brød.

- **Fredag 6. januar**
- **Fredag 3. mars**

### «Familiesøndag» - eit tilbod for heile familien!

Vi vekslar på å vere i Førde kyrkje, på Førde kyrkjetun eller ute med samling, leik og måltid saman.

- **Søndag 19. februar kl. 16.00 i Førde kyrkje.** Temaet er karneval og fastelaven.
- **Søndag 19. mars kl. 16.00** og **Søndag 30. april kl. 16.00** – Følg med på Førde kyrkje si facebookside.

### Korskulen i Førde

Korskulen har tre kor, og alle øver i **Førde kyrkje kvar tysdag:**

**Knøttekor** – ca. 3,5 år til ca. 5 år:
**Kl. 17.20 – 18.00**
**Aspirantkor** – ca. 6 år – 2. klasse:
**Kl. 18.05 – 18.50**
**Jentekor** 3. – 6. klasse:
**Kl. 18.55 – 20.00**

Har du lyst å bli med? Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson: gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no, eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje». Kontingent per semester: kr. 200.

Gravminne
finn du hos oss

FAGMILJØ
Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

Astrid Blomster
Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05
astrid.blomster@interflora.no

Reiakvam
- Din fotograf i Førde sidan 1946
57 82 19 77 / foto@reiakvam.no
reiakvam.no

# BARNAS



## Finn 10 navn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Å | F | J | O | D | E | L | I | J | Q |
| U | B | E | T | L | E | H | E | M | A |
| M | E | S | S | I | A | S | N | A | U |
| U | L | U | I | G | U | G | G | R | G |
| J | O | S | E | F | F | J | E | I | U |
| O | L | P | Å | S | W | E | L | A | S |
| N | A | S | A | R | E | T | X | Ø | T |
| S | M | A | K | K | I | A | L | F | U |
| I | P | S | I | D | U | R | K | I | S |
| K | R | U | B | B | E | A | Y | V | I |
| I | R | A | B | A | B | R | A | B | Ø |

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00




## Fargelegg!



## Finn fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
*Teikning: Asbjørn Tønnesen*





# DET SKJER I KYRKJELYDANE

## 10-kaffi

Ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, **kvar onsdag frå kl. 10.00** i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. 10-kaffien er eit samarbeid mellom Førde Frivillegsentral og Førde kyrkje.

## Strikketreff

Ta med eit handarbeid, eller bli med å strikke lappar som blir til varmande tepper til kreftramma. Vi har garn og strikkepinnar. Ta gjerne med matpakke, så et vi lunsj i lag. Arr. Diakoni- og miljøutvalet **Måndag 5. desember kl. 11.00 – 14.00** i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.

## Førde kyrkjekor

Førde kyrkjekor har øving i Førde kyrkje **onsdagar kl. 19.00.** Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson om du vil vere med!

## Kyrkja i byen

**Kvar onsdag frå kl. 14.00 – 16.00** sit ein person frå Førde kyrkjelyd på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!




## Samtalegruppe – for deg som har mista ein som stod deg nær

Dette vil vere ein stad der du kan dele tankar og erfaringar med andre som opplever liknande situasjon.

Tilbodet er ope for deltakarar frå andre kommunar. Gruppesamlingane vektlegg erfaringsdeling, men kan også ha faglege innlegg.

Arrangørar er Helse Førde, Kyrkja og Sunnfjord kommune. For informasjon og påmelding kontakt diakoniarbeidar Ingvar Vagstad, tlf. 911 38 732, ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no, eller kreftkoordinator i Sunnfjord kommune Berit Ullebust, tlf. 948 24 254, berit.helen.ullebust@sunnfjord.kommune.no

## Konsertar i førjulstida



**Naustdal kyrkje:**
SØNDAG 4. DESEMBER KL. 19.30
**Julekonsert** med Kvinnekoret Kvitre. Med på piano og orgel er Gro Gunnarson, og dirigent er Beth Ramfjord.

TIRSDAG 6. DESEMBER KL. 18.00
**Julesong** med Einar Bolstad, Kari Malmanger, Gunn Kvaale og musikarar frå Sogn.

ONSDAG 14. DESEMBER KL.19.00:
**Vennekonsert.** Erlend Os med fleire

SØNDAG 18. DESEMBER KL. 19.30
**Julekonsert** Sande blandakor og Førde kammerkor

**Førde kyrkje:**
ONSDAG 30. NOVEMBER KL. 19.00
**Adventskonsert** med Førde kyrkjekor. Dirigent Gro Gunnarson.

FREDAG 2. DESEMBER KL. 19.00
**Ein nordisk julekonsert** med Sigrid Moldestad & Hazelius Hedin.

SØNDAG 11. DESEMBER KL. 18.00
Kyrkjelyden sin julekonsert.

TIRSDAG 13. DESEMBER KL. 07.00
**Luciakonsert** med Korskulen i Førde kyrkje.

**Holsen kyrkje:**
LAURDAG 10. DESEMBER KL. 16.00
**Jubileumskonsert.** Holsen kyrkje var 160 år 11. desember 2021. På grunn av koronarestriksjonar kunne ikkje den planlagte jubileumskonserten arrangerast då. Soknerådet arrangerer difor jubileumskonsert eitt år forsinka.

RIKKEN
Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340
KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
BILDE

Naustdal
Dampbakeri
KVALITET
GJENNOM
GENERASJONAR
57 72 41 40
dampbakeriet.no


Din nye bustad finn du hos oss!
Vi leverer også kjøkken, bad og garderobe!
Du finn oss på Halbrendsøyra i Førde.
www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00
HELLVIK HUS
Gravdalgruppa
Førde - Bergen

# *Velkommen til julefeiring på Førde Kyrkjetun 24. desember 2022*

## Julefeiringa startar klokka 17.00 og sluttar omlag klokka 20.00

Det er fint å vere saman med andre julekvelden, difor inviterer vi også i år til julefeiring på Førde Kyrkjetun. Det vert servert tradisjonell norsk julemat, vi syng julesongar og har nokre gode timar saman.

**Prisar:**
Vaksne: 100,- per person
Familiepris: 50,- for borna per familie. Døme: 2 vaksne + 3 born i same familie: 250,-
**Vipps til: 622872 eller kontonummer 3705.40.61308**
**Merk innbetalinga med: «Julafta 2022 og namnet ditt»** Når betalinga er gjennomført er du påmeldt.

Arrangementet er i regi av Den Norske Kyrkja og Frisklív og frivilligsenteret i Sunnfjord kommune.



Send påmelding med namn, telefonnummer og eventuelt alder på born **innan 17. desember** til:

**frisklivogfrivillig@sunnfjord.kommune.no**
eller **SMS** til **476 88 025.**

### Frivillig på julaftan?

Kvar julaftan sidan 2007 har det vore mogleg å feire jul på Førde kyrkjetun. Fleire har gjort det til sin faste juletradisjon.

Mange frivillige er med og serverer, har programinnslag eller vaskar opp. Fleire frivillige har vore med i mange år. Nokre vekslar annakvart år mellom å vere med familie og vere frivillig på kyrkjetunet.

Har DU lyst til å vere frivillig i år? Kontakt Ingvar Vagstad tlf. 911 38 732, eller Førde kyrkjekontor tlf. 57 82 81 80.

ALT I
SPORTSKLEDE
SPORTSUTSTYR
BARNEUTSTYR
Erdal Sport
INTERSPORT
Førde

Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparsjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparsjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



Roger Pettersen A/S
OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR
6810 Førde - tlf. 907 32 380

HELLENES
AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL

PROTOLAB VEST

EXTRA
NAUSTDAL

Best
NAUSTDAL

# GUDSTENESTER

**Her er liste over planlagte gudstenester. Det kan bli endringar!**
**Følg med i Firda og www.sunnfjordkyrkja.no, eller kontakt kyrkjekontoret.**

**SØNDAG 4. DESEMBER**
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 11.00 Lysmesse
Holsen kyrkje 14.00 Lysmesse
Vevring kyrkje 16.00 Lysmesse

**ONSDAG 7. DESEMBER**
Førde kyrkje 18.00 Lysmesse

**TORSDAG 8. DESEMBER**
Førde kyrkje 18.00 Lysmesse

**SØNDAG 11. DESEMBER**
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste

**FREDAG 16. DESEMBER**
Førde kyrkje 12.00 Gudsteneste. Juleavslutning med Førde resurssenter.

**SØNDAG 18. DESEMBER**
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

**LAURDAG 24. DESEMBER, JULAFTAN**
Førde kyrkje 12.00 Familiegudsteneste
Førde kyrkje 14.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 16.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 12.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 14.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 12.30 Kort familiegudsteneste
Naustdal kyrkje 16.00 Julaftansgudsteneste
Vevring kyrkje 14.00 Familiegudsteneste

**SØNDAG 25. DESEMBER, JULEDAG**
Førde kyrkje 12.00 Høgtidsgudsteneste
Naustdal kyrkje 12.00 Høgtidsgudsteneste

**SØNDAG 1. JANUAR NYÅRSDAG**
Førde kyrkje 12.00 Gudsteneste

**SØNDAG 8. JANUAR**
**KRISTI OPENBERRINGSDAG**
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Takke- og minnegudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Takke- og minnegudsteneste

**SØNDAG 15. JANUAR**
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 15.00 Takke- og minnegudsteneste
Vevring kyrkje 15.00 Takke- og minnegudsteneste

**SØNDAG 22. JANUAR**
Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste

**SØNDAG 29. JANUAR**
Holsen kyrkje 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 19.00 Gudsteneste

**SØNDAG 5. FEBRUAR**
**SÅMANNSSØNDAGEN**
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste
(Gudstenesta kan bli flytta til 12.02 11.00.)

**TORSDAG 9. FEBRUAR**
Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

**SØNDAG 12. FEBRUAR**
**KRISTI FORKLÅRINGSDAG**
Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste
Haukedalen kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 14.00 Familiegudsteneste

**SØNDAG 19. FEBRUAR**
**FASTELAVNSSØNDAG**
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 16.00 Generasjonsgudsteneste

**ONSDAG 22. FEBRUAR, OSKEONSDAG**
Førde kyrkje 19.00 Skriftemålsgudsteneste

**SØNDAG 26. FEBRUAR**
**1. SØNDAG I FASTETIDA**
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste

**SØNDAG 5. MARS**
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 13.00 Barnegudsteneste. Utdeling av fireårsbok.
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 15.00 Gudsteneste

**TORSDAG 09. MARS**
Førde kyrkje 19.00 Bibeltime og kvardagsmesse.

**SØNDAG 12. MARS**
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste

**TORSDAG 16. MARS**
Naustdal kyrkje 19.00 Bibeltime og kvardagsmesse.

**SØNDAG 19. MARS**
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 16.00 «Syng ilag» – Familiegudsteneste

NMS GJENBRUK
Velkomen til oss!
Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)
Alle dagar
utanom torsdag . . . . . . . 11-15
Torsdag . . . . . . . . . . . . . 11-17
Tlf. 404 33 220
MILJØ MØTEPLASS MISJON

ARKI
ARKITEKTAR
Hafstadgården
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Nettside: arki.no

FARGERIKE
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJEDE
Førde Fargehandel a/s
TLF. 57 82 99 50
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

Gode tilbod på flis, belegg.stein, ferdigplen, støttemur, kvit singel.
Vi kan flislegging!
Boligkompaniet
www.bruflis.no tlf. 90 61 96 54

arnes frisørhjørne
Timebestilling
Drop-in
Tlf. 57 82 62 35
Langebruvegen 19
6800 Førde

# DØYPTE

**FØRDE KYRKJE**
4. SEPTEMBER
Oskar Gloppen Idehen
Frederikke Sofie Vie Jakobsgaard
Jenny Tefre

18. SEPTEMBER
Nilas Oddekalv Tonning
Nikolai Kirkebø Hundvebakke
Arnikke Støfring Isene

25. SEPTEMBER
Vetle Øren Geithus
Sivert Nesbakk Orkelbog

2. OKTOBER
Emilie Kvellestad Ekreskar
*Døypt i Hyllestad kyrkje*

8. OKTOBER
Marielle Buttedal Buene Brede

9. OKTOBER
Thea Tørring-Jørgensen
Odin Solvik-Heggvold
Lara Victoria Huseklepp

16. OKTOBER
Ada Øvrebø Tefre
Elias Heimsæter Øren

**NAUSTDAL KYRKJE**
21. AUGUST
Arild Garfors Instebø
Emily Einevoll

11. SEPTEMBER
Harald Bruland Hovlid
Aksel Indrebø Ullaland
Endre Skaar-Fimland

25. SEPTEMBER
Julie Endrestøl
Lycke Sveum Grimelid

02.10.2022
Norvald Degvold-Jonstad
*Døypt i Hoff kyrkje*

9. OKTOBER
Matheo Ullenes Helle
*Døypt i Flekkefjord kirke*
Ella Ullenes Helle
*Døypt i Flekkefjord kirke*

9. OKTOBER
Ella Herstad Madsen
Daniel Vie Strømsnes

23. OKTOBER
Sander Klopstad
Mikkel Holme Skjærli
Joakim Olsen Stubhaug
Nikolai Olset Fagerheim
Olivander Neset

# VIGDE

**FØRDE KYRKJE**
3. SEPTEMBER
Reidun Mølmesdal og Are Sjåstad Bødal

8. OKTOBER
Marita Lunde Buene Brede og Tommie Andre Buttedal Brede

Kari-Erna Cecilie Torp og Jan Tore Kilnes

13. OKTOBER
Nina Kristin Tonning og Anbjørn Ringereide

**NAUSTDAL KYRKJE**
10. SEPTEMBER
Karoline Simensen og Odd Øyvind Kringlen
*Ute-vigsle Øvre Kalland.*

15. OKTOBER
Iris Aase og Lasse Lillebø Lien

# GRAVFERD

**FØRDE KYRKJE**

| | | |
|---|---|---|
| 30.08 | Otto Kvamme | f. 1951 |
| 16.09 | Margrethe Selås | f. 1928 |
| 22.09 | Odd Gerhard Vågen | f. 1929 |
| 22.09 | Toril Jakobsen | f. 1955 |
| 30.09 | Leon Indrebø | f. 1939 |
| 11.10 | Eva Grethe Vikøren | f. 1935 |
| 14.10 | Gunnar John Vie | f. 1930 |
| 18.10 | Turid Hoff Fredriksen | f. 1944 |
| 21.10 | Oddvar Ove Ulvedal | f. 1959 |
| 25.10 | Bjørg Ingrid Wie | f. 1933 |

**HAUKEDALEN KYRKJE**

| | | |
|---|---|---|
| 02.09 | Ingrid Herlaug Gjerland | f. 1928 |

**NAUSTDAL KYRKJE**

| | | |
|---|---|---|
| 26.08. | Oddny Margrethe Torvik Sagevik | f.1940 |
| 09.09. | Astrid Smelvær | f.1953 |
| 09.09. | Marius Haugen | f.1930 |
| 13.09. | Lillian Øyra | f.1957 |
| 04.10. | Kari Nesje | f.1960 |
| 07.10. | Sundre Nordheim | f.1935 |
| 14.10. | Astrid Thune | f.1931 |

## Kyrkjeskyss i Førde

Vi har dessverre for få frivillege til å kunne tilby kyrkjeskyss til våren. Har du spørsmål?

Ta kontakt med diakon **Anita Øvreås Rusken tlf. 900 68 514**.

**NY, LOKAL BOK:**

"Eit smykkeskrin av ei bok" E.Natvik, Florø

## "Kunstverk i Førde kyrkje"

Flotte foto i heile boka!
Du får kjøpt boka i Norli bokhandel, hos Fotograf Reiakvam, på Senioruniversitetet, eller hos Solrun Ullaland, mobil: 992 99 650, e-post: solulla@online.no.
Pris kr. 390,-

Senioruniversitetet i Førde

*Prosjekt Kunstverk i Førde kyrkje*



KLIMANØYTRAL DISTRIBUSJON Levert av Posten

NOREG P.P. posten

**Returadresse**
Førde kyrkjekontor
Kyrkjevegen 23F
6809 FØRDE

# Førde kyrkjekor 50 år!



*Førde kyrkjekor har feira 50-års jubileum. Foto: Gro Gunnarson*



*70 barn på scena får syngje i lag med Christine Sandtorv. Foto: Gro Gunnarson*



*Jentekoret og organist Iver Kleive. Foto: Gro Gunnarson*

## Kva skulle vi gjort utan song og musikk?

Tekst: HANNE SCHNITLER

Kantor Gro Gunnarson fortel om ei innhaldsrik musikalsk veke i oktober som vart avslutta med Førde kyrkjekor si jubileumskonsert. Den musikalske veka starta i Førdehuset med heile 70 barn på scena! Songglade barn frå Jølster barnekor, Naustdal barnekor og Korskulen i Førde kyrkje fekk litt av ei oppleving; dei fekk synge saman med popartist Christine Sandtorv.

Veka heldt fram med Haustkonsert tysdag 18. oktober med Førde Kyrkjekor saman med Deciding, Aspirantkor, Jentekor og Knøttekor.

Fredag heldt organist Iver Kleive konsert i Førde kyrkje. Her fekk vi høyre kva det er mogleg å få ut av både orgel og piano! Jentekoret til Gro fekk vere med å synge her og, og dei fekk vere forsongarar då heile publikum var med og song.

Søndag 23. oktober avslutta Kyrkjekoret den kyrkjemusikalske veka med stor jubileumskonsert. Koret fyller 50 + 1 år, og det er verdt å feire. Koret held overraskande høgt nivå, og kanskje er det godt fellesskap som slår ut i songglede og musikalitet? Og ein dyktig dirigent sjølvsagt.

**Førde kyrkjekor kan du høyre igjen på Adventskonsert i Førde kyrkje onsdag 30. november kl. 19.00, og på kyrkjelyden sin julekonsert søndag 11. november kl. 18.00.**




**Førde kyrkjetun**
har lokale som høver dei fleste arrangement:
- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og åremålsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:
Tlf. **99 15 13 07** eller **ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no**



**Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus**
Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?
Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.
Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon **99 27 99 55.**
E-post: **kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com**